

Nye Ålesund kommune

Møteinnkalling

Dato: 10. november 2016
Vertskap: Ålesund kommune
Stad: Kystverket sitt hovudkontor på Skansekaia – oppmøte i andre etasje
Tidsramme: Kl. 10:00 – 15:45

Agenda

1. Velkommen til Kystverket
2. Kva lærte vi på Gardermoen?
3. Organisering av arbeidet fram til fellesnemnda er på plass.
 - a. Prosjektplan fram til fellesnemnda er på plass – gjennomgang av justert prosjektplan som vart presentert i møte 1.
 - b. Mandat for styringsgruppa – drøfting av kva mandat som er gitt og presentasjon av mogleg reglement for ei framtidig fellesnemnd.
 - c. Styring av arbeidet – val av leiar og nestleiar, val av arbeidsutval (?), viktige oppgåver framover .
 - d. Prosjektkoordinator fram til vedtak i Stortinget.
 - e. Arkivansvar for styringsgruppa sitt arbeid.
 - f. Møteaktivitetar og møteplan framover. Deltaking på framtidige seminar i regi av KDM m. fl.
4. Interkommunalt samarbeid – som grunnlag for diskusjon: kort presentasjon av vurdering gjort av Ålesund kommune.
5. Aktuelle saker til neste møte
 - a. Organisering av kontrollutval
 - b. ...
 - c. ...

Kommunalsjef Ronny Frekhaug og dagleg leiar for Ålesund kommunale eigedom KF, Ole A Søvik, vil gi ei **orientering om «Sørsideplanen»**.


Sindre Nakken, folkevald, bypatriot, mv., vil ta oss med på ei **byvandring** frå Skansekaia til sørsida.

Det blir servert lunsj kl. 12:30 hos Kystverket.

Ålesund, 7. november 2016

Eva Vinje Aurdal (sign.)

ordfører



Nye Ålesund kommune
Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Møte 2 i styringsgruppa

Møtereferat

Vertskap: Ålesund kommune
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Dato: 10. november 2016
Stad: Kystverkets hovudkontor, Skansekaia, Ålesund
Tid: Kl. 10:00 – 15:45

Til stades:

Kommune	Medlem i styringsgruppa	Rådmann
Sandøy	Oddvar Myklebust Espen Myklebust Hildegard Maier Jessica Gärtner (forfall) Åse Kristin Ask Bakke (forfall)	Ann-Heidi Paulsen Orvik
Skodje	Dag Olav Tennfjord Kari Grindvik Terje Vadset Modolf Hareide Geir Ove Leite (for Aina Strand)	Bente Glomset Vikhagen Malin Piegsa
Ørskog	Kari Simonnes Aanes Geir Peter Aure Ola Kjetil Sjøholt	Synnøve Vasstrand Synnes Janette Steinvik
Ålesund	Eva Vinje Aurdal Tore Johan Øvstebø Monica Molvær (for Øystein Tvedt) Geir Stenseth Anne Kristin Bryne	Astrid Eidsvik Ronny Frekhaug Ole A Søvik Roar Reiten Anne Bente Skjellum

Møtet var oppe med presse til stades. Fleire tillitsvalde og leiarar frå kommunane var også til stades etter oppmoding om å delta.

Agenda

1. Velkomen til Kystverket

Kystdirektør Kirsti Slotsvik ønskte velkomen og ga ei orientering om Kystverket.

2. Kva lærte vi på Gardermoen?

Astrid Eidsvik tok ei oppsummering frå dei fire kommunane sitt gruppearbeid under møtet med departementet og dei kommunane rundt om i landet som har gjort vedtak om å skape nye kommunar. Agendaen for dagens møte bygger på det som kom fram i gruppearbeida.

3. Organisering av arbeidet fram til fellesnemnda er på plass

- a. Prosjektplan fram til fellesnemnda er på plass – gjennomgang av justert prosjektplan som vart presentert i møte 1

Roar Reiten la fram skisse til prosjektplan.

Konklusjon:

Skissa trekkjer fram dei viktige punkta i det vidare arbeidet. Prosjektplanen er eit levande arbeidsdokument som styringsgruppa vil arbeide vidare med og ut i frå.

- b. Mandat for styringsgruppa – drøfting av kva mandat som er gitt og presentasjon av mogleg reglement for ei framtidig fellesnemnd

Tore Hals presenterte utkast til reglement og mandat for framtidig fellesnemnd.

Konklusjon:

Styringsgruppa meiner mandatet gruppa har fått frå kommunane er tilstrekkeleg for å gjere eit godt arbeid. Gruppa vil sørge for å legge til rette for ein god overgang for etablering av fellesnemnda.

- c. Styring av arbeidet – val av leiar og nestleiar, val av arbeidsutval (?), viktige oppgåver framover

Konklusjon:

Styringsgruppa vel Eva Vinje Aurdal som leiar og Dag Olav Tennfjord som nestleiar.

Det blir oppnemnt eit arbeidsutval (AU) med ordførarane som medlemmer og varaordførarane som vara. AU kan be rådmennene om hjelp i sitt arbeid og gi dei høve til å delta i møta.

Rådmannen i Ålesund får fullmakt til inntil vidare å finne ei sekretariatsordning for styringsgruppa og AU.

- d. Prosjektkoordinator fram til vedtak i Stortinget

Konklusjon:

Styringsgruppa vel å engasjere ein prosjektkoordinator som blir rekruttert eksternt. AU får oppdraget med å inngå dette engasjementet.

- e. Arkivansvar for styringsgruppa sitt arbeid

Konklusjon:

Ålesund kommune tek på seg arkivansvaret.

- f. Representasjon frå tillitsvalde i styringsgruppa:

Konklusjon:

4 tillitsvalde og 1 hovudverneombod får delta i styringsgruppa sitt arbeid. Organisasjonane må sjølve bli einige om kven dette blir.

- g. Møteaktivitetar og møteplan framover. Deltaking på framtidige seminar i regi av KDM m. fl.

Konklusjon:

Møteplan for styringsgruppa blir vedtatt på neste møte.

Ein vil ha eit møte til i styringsgruppa før nyttår, dato bør avklarast snarast råd av sekretariatet.

Deltaking på seminara i regi av KDM: Dei felles prosjektmidlane dekkjer inntil 5 deltakarar frå kvar kommune, medrekna tillitsvalde. Kommunane kan sjølv velje å sende fleire for eiga rekning.

4. Interkommunalt samarbeid – som grunnlag for diskusjon: kort presentasjon av vurdering gjort av Ålesund kommune

Tore Hals ga ein kort gjennomgang av dei formelle konsekvensane for interkommunalt samarbeid som ei endring i kommunestrukturen vil føre til, og ei oversikt over status for samarbeidsordningar i Ålesund.

Konklusjon:

Kvar kommune lagar ei oversikt for sine samarbeidsordningar. Dei kommunane som ikkje har utarbeidd eigarskapsmelding, utarbeider slik. Oversikta og eigarskapsmeldingane dannar grunnlaget for det vidare arbeidet. Rådmennene blir bedt om å lage ein milepelsplan for dette arbeidet til neste møte.

5. Aktuelle saker til neste møte i desember

- a. Organisering av kontrollutval
Dag Olav Tennfjord orienterte om aktuell endring .
- b. Prosjektmidlar til infrastruktur
Dag Olav Tenfjord tok opp utlyste midlar frå KMD.
- c. Utbygging av breiband
Dag Olav Tennfjord viste til intensjonsavtalen om dette.

Konklusjon:

Styringsgruppa ber om å få desse sakene utgreidde til neste møte. Sak a og c blir utgreidd av Ålesund og sak b av Skodje.

6. Status Ørskog kommune

Formannskapet har vedtatt mot 1 røyst å slutte seg til Nye Ålesund kommune. Ørskog har etter det fått invitasjon frå Stordal til å drøfte etablering av ny kommune saman med Norddal. Ørskog

kommunestyre skal i møte 24. november ta stilling til det endelege valet om å gå vestover eller austover.

Ann-Heidi Orvik orienterte om to utviklingsprosjekt Sandøy kommune har starta opp og som ligg opp til to tiltak nemnt i intensjonsavtalen om etablering av den nye kommunen: **Havrommet** og **fornybar energi/vindkraft**.

Det er utvikla marine grunnkart for Søre Sunnmøre gjennom et nasjonalt pilotprosjekt i samarbeid mellom NGU, Kartverket, Runde miljøseier, og kommunane Sande, Vanylven Herøy, Ulstein og Hareid. NGU og Kartverket ønskjer å vå vidare for til slutt å ha kartdata for heile landet. No ønskjer dei å gå vidare for kommunane Sula og nordover til og med Sandøy. Fylkeskommunen ser dette som viktig og vil støtte arbeidet økonomisk. Derfor er interesserte invitert til møte i Molde 15. november for å legge strategi for prioritering. Sandøy vil ta initiativ til å realisere dette tiltaket og ønskjer å få med dei aktuelle kommunane ved at dei tek ei rask politisk behandling av spørsmålet om deltaking.

Sandøy Energi har søkt Miljødirektoratet om prosjektmidlar til å sjå på om det er mogleg å produsere hydrogen ut frå vindmøllene på Harøya. Selskapet fekk avslag fordi prosjektet manglar forankring i kommunen sine utviklingsplanar. Planstrategien som kommunane no er i ferd med å vedta har med utvikling av havrommet og vindkraft. Dette er også med i regional planstrategi og i samsvar med statleg satsing.

Styringsgruppa tok orienteringa til vitande og peika på at Sandøy sitt engasjement i desse to sakene er i tråd med intensjonsavtalen om den nye kommunen.

Kommunalsjef Ronny Frekhaug og dagleg leiar for Ålesund kommunale Eigedom KF, Ole A Sjøvik, ga ei **orientering om «Sør-sideplanen»**.

Sindre Nakken, folkevald, by-patriot, mv., tok forsamlinga med på ei **by-vandring** frå Skansekaia til sørsida.

Referent:

Tore Hals